



Friluftsbarmeter – Møre og Romsdal først i landet

Som først i landet lanserer Forum for natur og friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal eit friluftsbarmeter for kommunane i Møre og Romsdal. Barometeret set måletal på 10 utvalde indikatorar som er viktige for breidda i friluftslivet. Målet er meir og betre friluftsliv i kommunane gjennom systematisk arbeid.

FNF Møre og Romsdal har med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeida barometeret, som gir ein peikepinn på i kva stor grad kommunane legg til rette for friluftsliv.

Resultat: Molde kommune best i fylket

Måling i Friluftsbarmeter for Møre og Romsdal 2023-2024 viser at Molde kommune samla sett kom best ut som friluftskommune, etterfølgd av Fjord kommune på andreplass. Molde skårar høgt på status på framdrift for friluftslivets ferdselsårer, utlånsordningar for friluftsutstyr og tal på turpostbrukarar.

Kommune	1. Stiar og turveggar	2. Gang- og sykkelveggar	3. Trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng	4. Statleg sikra friluftsområde	5. Strandsoneareal	6. Friluftslivets ferdselsårer	7. Medlem friluftsråd	8. Medlem i friluftsansjonar	9. Utlånsordningar friluftsutstyr	10. Turpostbrukarar; her StikkUT!	Poeng totalt
Molde	5	5	6	5	5	10	10	7	10	7	73
Fjord	7	5	6	2	9	5	10	8	5	5	63
Vestnes	7	5	7	8	6	5	10	4	5	4	62
Rauma	7	6	4	2	7	5	10	10	5	5	62
Aukra	2	9	8	3	7	0	10	4	5	8	60
Stranda	7	4	7	4	9	5	10	6	5	2	60
Ålesund	4	2	7	6	2	5	10	6	10	5	58
Vanylven	7	3	4	0	7	5	10	7	5	4	57
Tingvoll	7	7	6	2	5	5	10	7	0	7	57
Averøy	5	2	9	4	6	5	10	5	5	5	57
Sumadal	7	3	8	3	5	0	10	8	5	4	57
Volda	6	3	4	3	9	5	10	6	10	1	57
Hustadvika	7	6	5	3	6	0	10	6	5	6	56
Ulstein	3	6	4	1	7	5	10	7	5	5	56
Gjemnes	7	4	4	3	7	0	10	10	0	7	56
Kristiansund	2	3	8	5	5	5	10	5	5	7	55
Sula	3	4	7	2	7	0	10	2	10	6	54
Sykkylven	4	2	5	4	7	5	10	6	5	4	53
Sunndal	7	4	6	3	6	0	10	6	5	3	52
Herøy	3	4	8	3	3	5	10	5	5	4	52
Smøla	4	1	6	0	5	10	10	5	0	6	51
Hareid	3	4	5	2	9	5	10	4	0	5	50
Ørsta	6	3	3	2	7	5	10	4	5	2	48
Giske	2	4	4	0	9	5	10	3	5	4	47
Aure	7	2	7	3	4	0	10	9	0	3	45
Sande	5	2	7	0	7	0	10	3	0	4	43
Haram*	5	3	6	1	0	0	10	1	5	0	34

Kjelde: Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024, Forum for natur og friluftsliv (FNF).

I fargeskalaen er 0-3 poeng merka raudt, 4-6 gult og 7-10 grønt.

* Haram vart eigen kommune frå 1.1.2024 og manglar derfor verdiar på nokre indikatorar.



Pressemelding Friluftsbarmeteret Møre og Romsdal 2024

Fjord best på Sunnmøre, Tingvoll ledande på Nordmøre

Regionvis har Fjord kommune (63p) høgast poengsum på Sunnmøre. Fjord har eit stort nett av stiar- og turveggar, låg utbygging av strandsoneareal og mange innbyggjarar med medlemskap i friluftsansjasjonar.

Tingvoll kommune (57p) leiar an på Nordmøre. Tingvoll har eit stort nett av sti- og tur/traktorveggar, samt ei aktiv befolkning med mange turpostbrukarar og medlemmar i friluftsansjasjonar.

Vestnes har flest statleg sikra friluftsområde per innbyggjar

Døme på funn frå Friluftsbarmeteret:

- Fjord kommune har flest sti- og turveggar per innbyggjar.
- Aukra har ni meter gang- og sykkelveg per innbyggjar.
- 84 prosent av dei busette i tettbygde strøk i Averøy har trygg tilgang til rekreasjons- og nærturterreng.
- Vestnes har flest statleg sikra friluftsområde per innbyggjar.
- Møre og Romsdal mista 1.051 dekar potensielt tilgjengeleg strandsoneareal i perioden 2020-2023. Mest areal har forsvunne frå Ålesund kommune, der det no er 133 dekar mindre strandareal til allmenn bruk enn for tre år sidan.
- Smøla og Molde ligg fremst i arbeidet med friluftslivets ferdselsårer.
- Alle kommunar i fylket er medlem i friluftsråd.
- Molde, Ålesund og Sula har flest utlånstadar for friluftsutstyr med tre kvar.
- Ein femtedel av innbyggjarane i Aukra, Gjemnes og Tingvoll går Stikk UT!

Bakgrunn Friluftsbarmeteret

Friluftsliv er eit område der det er vanskeleg å finne tal for aktivitet og tilrettelegging. Friluftsliv skjer ofte i uorganisert form. Målet med Friluftsbarmeteret er å skape eit verktøy for systematisk arbeid og auka fokus på friluftsliv, samt kome med gode døme på nyttige tiltak som kan fremme friluftsliv. Auka kunnskap kan i andre rekke løyse ut meir øyremerka midlar for friluftsliv.

Friluftsbarmeteret framover

Å fremje friluftsliv har særleg betydning for folkehelse og bulyst. Eit friluftsbarmeter vil gi friluftsliv større merksemd og plass i kommunalt planarbeid.

Målsetjinga er at Friluftsbarmeteret skal bli ei jamleg måling i åra framover. Møre og Romsdal fylkeskommune har ein informativ og godt innarbeida fylkesstatistikk. Eit ynskje er at resultat frå Friluftsbarmeteret skal bli ein del av fylkesstatistikken og supplere med informasjon som no er manglande eller vanskeleg å finne fram til.



Målingar Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

Friluftsbarmeteret er basert på 10 måleindikatorar som saman gir eit bilete på den aktuelle kommune si vilje til å legge til rette for utøving av friluftsliv. Kvar indikator gir maksimalt 10 poeng. Vi har nytta kvalitetssikra kjelder og målingar som lett kan repeterast eller overførast til andre kommunar utan å medføre meirarbeid for kommuneadministrasjonen.

Meir informasjon om Friluftsbarmeter

Sjå vedlegg for ei oppsummering av målingane. Utrekninga bak resultatata og heile rapporten finn du her: [Friluftsbarmeter - Møre og Romsdal \(fnf-nett.no\)](https://fnf-nett.no)

Ved spørsmål, ta kontakt med:

Linda Bakken; koordinator prosjekt Friluftsbarmeter;
Mail linda@friluftstraadet.no; mobil 915 70 094

Ingbjørn Bredeli, koordinator Forum for friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal;
mail ingbjorn.bredeli@fnf-nett.no; mobil 464 31 427

Medlemmar av styringsgruppa i prosjekt Friluftsbarmeter Møre og Romsdal

Ola Fremo; dagleg leiar Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal;
mail ola.fremo@friluftstraad.no; mobil 957 32 511

Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar Sunnmøre friluftsråd;
mail anne.emblem@friluftstraadet.no; mobil 908 15 035

Maria Holo Leikarnes; dagleg leiar DNT Romsdal;
mail maria.holo.leikarnes@dnt.no; mobil 415 53 367

Kva er FNF?

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF er landsomfattande og engasjerer seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i sitt fylke. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, BirdLife Møre og Romsdal, Romsdal Kystlag, Molde Kajakklubb, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Sunnmøre, DNT Romsdal, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, alle fire speidargruppene i fylket og 4H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representera desse organisasjonane mange medlemmar med ei stor interesse for å ta vare på naturen for noverande og komande generasjonar.



Pressemelding Friluftsbarmeter Møre og Romsdal 2024

Foto

«Styringsgruppe Friluftsbarmeter»:

Styringsgruppa bak utviklinga av Friluftsbarmeter Møre og Romsdal har vore Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar Sunnmøre friluftsråd, Ola Fremo, dagleg leiar Friluftsrådet for Nordmøre og Romsdal, Maria Holo Leikarnes, dagleg leiar DNT Romsdal og Ingbjørn Bredeli, koordinator Forum for friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal. Foto: Linda Bakken, koordinator for Friluftsbarmeter Møre og Romsdal.

«Logo»

Friluftsbarmeter Møre og Romsdal sin logo viser til friluftsliv mellom fjell og fjord, gradering ved trafikklysprinsippet og assosiasjonar til moderorganisasjonen FNT. (Annadesign)

«Linda Bakken, koordinator Friluftsbarmeter»:

Linda Bakken har vore prosjektkoordinator for Friluftsbarmeter Møre og Romsdal.

Bruk elles gjerne friluftrelaterte lokale bilete av til dømes folk på tur, gapahukar eller StikkUT!-turar.